



KOPI

Jens Bjordal

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/5126 - 21/41507

Saksbehandlar:
Linda Hammersvik Folkestad
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:
15.06.2021

Mellombels svar på rørleggjarmelding - gbnr 357/34 Sætre

Tiltak: Tilknytning kommunalt vatn
Byggestad: Skorpo 2 – Gbnr 357/34
Tiltakshavar: Mette Helene Johnsen Skjelanger
Ansvarleg søkar: Fløysand VA as

Kommunen stadfester å ha motteke søknad den 01.06.2021

Mottakskontroll

Etter å ha kontrollert søknad ser vi at vi ikkje kan handsame søknad slik den ligg føre.

1. Det er i søknad opplyst om at søknaden gjeld fleire eigedommer. Det må sendast inn ei rørleggjarmelding per GBNR.
2. Situasjonsplan som er vedlagt søknad er ikkje på VA-kart. Ny situasjonsplan på VA-kart må sendast inn med kvar rørleggjarmelding.
3. Det er opplyst om at vassleidning skal koplast i eksisterande kum. Denne kummen er ikkje drenert og er fylt med vatn. Om kum er tilrettelagt for tilknytning er uvisst. Kum må tømmast for vatn og det må sendast inn bileter for korleis forholda i kum er. Kva krav ein har til tilkopling i kum er avhenging av korleis kummen er bygd opp.
4. Dersom kum er egna for tilknytting vil kommunen setje krav om drenering av kum (drensleidning til sjø). Nødvendige rettigheitar skal da ligge føre.
5. Det må etablerast vassmåler i kum for tilkopling.
6. Det må sendast inn søknad til BOH om løyve til å legge vassleidning i sjø. Dette løyve skal ligge føre før rørleggjarmeldingene vert godkjent.
7. Avløpsanlegg: Det er ikkje opplyst kva sanitæranlegg eigedomande har og om det ligg føre godkjent utslepp.

8. Det er i søknad opplyst om at stoppekran skal etablerast under vatn. Stoppekran må etablerast på land.
9. Det må dokumenterast at ilandføring av stikkleidningar blir utført på ei sikker måte som ivaretar fare for frost og gnag på leidning i strandsone.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-
forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:
Jens Bjordal

Mottakarar:
Fløysand Va AS

Fløksand

5918

FREKHAUG